

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Voksa.

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa.

(adresse): Voksa.

G.nr. 63. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Orda eng og utslåttar var vel ikkje so mykje brukt helst var sagt inna- eller nedagjæres og ova- eller uttagjæres. Døme: Han gjekk ned på markinne og slo (gras). Aldri at han slo enga. Anna døme: Der eller der på markinne var graset tjukkt iår, eller: nadai Morkåkren er det bå lite og tynnt gras, berre nokre rajestråd.  
Orda ekre og attelege var brukt. Ekre er helst brukt om gamall åker som er open, Men kan ha gått so djupt blodet at det og vert brukt om ei attelege. Ordet attelege er alltid brukt om attlagd åker.  
Orda tjukkeng og tadeng høyst svært literære ut for oss, vi talar om "tadde mark" og småmark og meiner det same. Vi kan seie "todegras" f.eks. Det var aldri so at ein kunne bruke langorv til utslåttane. Det var stutturvsslåttar alt.
2. Utslåttar vart ikkje rydde. Ein kan ikkje seie det vart lagt serleg arbeid på dei, anna enn å slå og rake burt høyet.
3. Mot mosevaksen eng bruka dei ymse slag tad. F.eks. av fiskeavfall eller tang (kompost). For dei trudde at av dei ymse grasslag kom av tadet. Soleis med mosen og. Grasfrø (høyfrø) sådde dei berre i åkrar som skulde attleggast. Aldri i eng avdi han var tunn.
4. Veiting av myr var det lite med i eldre tid. Ei og anna opa jordveite kanskje, men holveiter vart det fyrst prøvd med for godt og vel loo år sidan.  
Vatning har ikkje vore brukt og oftast ikkje vore trong om heller. Det vart nok brukt land, men det var for gjødsla, ikkje for vatnet.
5. Enga har vore gjødsla frå gamalt av. Fyrst måtte ein gjødsla åkrane og resten vart bruka på enga. Noko viss mengd pr. da. trur eg ikkje dei tenkte på, men det galdt å nå så vide som mogeleg med det ein hadde. Ein samla myrjord og fiskeavfall for å drygje og mengje tadet so det skulde rekke vide.
6. Ein skilde millom "gjødsla mark" og ugjødsla. Høyet frå dei stader som var tadde, vart kalla "langhøy" og det andre "småhøy".
7. Dei hadde det nok i tankane, berre landelægjet var slik at dei kunne få det til. Og vart det vassfløde, tok dei seg mang ei bløyte med å lage "skolveiter" som skulde spreida "toda" utover vidast mogeleg. Siget unda bakke kalla dei "todrand" eller og ei "todebot". Åkrane var

- det verre med, dei laut leggjast dit det var djup nok jord.
8. Som det h vde. Men meste gj dsla var om v ren etter ein hadde havt vinteren   samle inn i. Det var omlag same framgangsm ten som n r ein gj dsla  keren, berre at ein smuldra enno betre p  marka. N r ein hadde "hakka" og "breidt" var det   passe p    "rake" det f r det turkast opp. Reidskapane var eit hakkegrev og ei greip og ei vanleg rive. I eldre tid bruka dei tregreip, men det er sikkert over hundra  r sidan den gjekk av bruk. Kring 1910 eller so byrja dei bruke moshorver og "sl dde" til   finsmuldre tadet med.
  9. Jau det har vore og dessverre er brukt. Tanken er vel ikkje so mykje for tadet, men f r   nytte til siste nikk det ein kan f  i av marka. P  berr mark vert sauene ut-sleppte heile vinteren og beiter der dei finn noko, antan det er eng eller utsl tte. Det var ikkje gjort skil p  v r og haust isom te.
  10. Skiftet i dette heldt p  no siste 10-20  ra.
  11. Dem jamninga gjer ein p  eng samstundes med at ein smuldrar anna tad v rstida. P  beite og utsl ttar kagar ein ikkje p  slikt. Der l t ein kr ka gjera det. Ein veit ikkje av serlege reidskap til slikt.
  12. Kr tera overnatta antan ute i marka i godt veir, eller i ein v rfj s (ogs  kalla "gardfj s" avdi han ofte var bygd i b garen slik taddungen l g innagjerdes). Tadet vart bruka p  heimemarka eller  kren. Det var sjeldan her at bruka hadde so store vidder at ein ikkje greidde seg med eit v rfj s. Det var helst p  haustparten at denne gj dsla var spreidd.
  13. Vart ikkje kr tera innhavde, gjekk dei frie i marka, og hende det at ein jaga dei saman for   sleppe   fare rundt   leite etter dei om morgonen, so vart dei stengde inne i ei "kvie" eller lita inngjerd bot. Det kunne og verta kalla "st l" eller "st ylane". Vi har b e namna som sernamn p  sm  gardar og plassar no.
  14. Slikt har eg ikkje h rt om var brukt her p  desse kan-tar. Det kunne vera i utmarka det var oppmura "kvier" av stein p  h velege plassar, og kanskje eit "grisegjerde" p  inmarka. Men   flytte dei. Nei det vart mykje arbeid.
  15. Varg og andre udyr g r det ikkje segner om fr  Sande. Verste suetjuven er raudreven, men det er truleg at ine i landet ,der det var udyr m tte dei ha andre r der enn her for   berga kr tera.
  16. Nei det har eg ikkje h rtom.
  17. Der dei laut gj te avdi det var ulendt og kr tera kunne sl  seg ihel, hadde gj tleguten eller gjenta med seg ein ambar med "soppe" (havrebr d og skyr), det var nista.
  18. Nei det er ukjend her.
  19. Desse nemningane kan vera f rlege nok f r ul rde folk. Eg skal k tt seie kva vi legg i sume av desse orda:  
  tr da: er   stiga, g  tungt, men  g   leggja takbord p  eit hus og borda ein brukar kallast trodfj ler. Elles vert ordet brukt om eit raserianfall, eit galnetr d.  
T g: ei einet g, vidje o.l. T je: ei kipe fletta av t ger brukt til   bera p  ryggen. Fisket je, potett je o.l.  
St d, eller stod: er lendinga der ein dreg fram b ten og hev han inn i naustet. "Han datt utfor Voren og ned i Stoda. (Voren er ein steinmur eller lita bryggje til   gjera det lettare   koma p  land). Men Stod kan truleg og ha andre tydingar for vi har m.a. plassenamnet Gangstoda. (Sj l om den ligg ved sj en treng ikkje namnet koma av len- ding),

20. Stølsbruk har her vore so lite av at eg kan ikkje seie noko om det.
21. Jau det var brukt alt slag som dei kunne tenkje seg var gagn i. Fiskeavfall og innmat kunne dei ha beinveges utover. Dei kunne og ha det i holor eller kjerald og la det rotne og antan sige med flaumvatnet utover, eller bera det ut i bytter. Desse kjerald kalla dei "Ganhus" og det lukta noko fælt av dei, difor er ordet og brukt som skjellsord.

Når ein berre hadde tid å råd til å fordjupe seg i emnet og so spyrje seg for hos ein og annan gamal mann, so trur eg ein kunne få samle ihop nokso mykje men det er uråd for meg, difor får eg sleppa det frå meg som hastverksarbeid. Alt hugsar eg ikkje på eingong.

---

M. O. R  
Sande

I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Utgjerd i Sande, M. O. R



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

ikkei til vauleg

Thorvald Braade

3027

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING